

Edgar Liseth
Sjosidevegen 190
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15135 - 20/65954

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
26.10.2020

Førehandsvarsel med pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 19/125 Nepstad

Saka gjeld

Alver kommune har den 04.09.2020 motteke melding frå føretaket Norva24 AS om at a ved siste tømning av septiktanken på eigedommen din, med adresse Sjosidevegen 190, 5914 Isdalstø vart registrert at det var svært lågt nivå i tanken (ca 10 cm med vatn frå botnen). Dette tyder på at det kan vere stor lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal, sjå vedlagte bilete.

Du vart i brev datert 01.10.2020 gitt ein frist for å utbetre tilstanden. Frist for arbeidet vart satt til **01.12.2020**. Saksbehandlar i Alver kommune mottok ein telefon frå deg den 07.10.2020, der du informerer om at septiktanken vart godkjend av tidlegare Lindås kommune for 12 års sidan, og at du meiner at det ikkje er noko gale med den. Ved kontakt med Norva24 AS i dag, får vi stadfesta at når lekkasjen i tanken er så stor som meldt den 04.09.2020, er ikkje tanken av tilfredstillande stand, og må utbetrast.

Alver kommune handsamar saka på bakgrunn av dette.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt.

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at *«ingen må ha, gjørgje eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve»*.

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureinga, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta innan **11.12.2020**. Utbetring må skje ved at lekkasjen i tanken vert lokalisert og tetta.

Dersom du er usikker på om utbetringa/reparasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak, kan du ta kontakt med Alver kommune.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lekkasjen er utbetra.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Alver kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg deg å sikre tanken i medhald av forureiningslova § 7.

Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Alver kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 11.12.2020**.

Tilbakemelding

Når lekkasjen i septiktanken er reparert, må du fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

Skjema sender du til:

☐ E-post: post@alver.kommune.no

☐ Brev: Postboks 4, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56375000 eller på e-post.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune
Bilete gbnr 191-25

Mottakarar:
Edgar Liseth

Sjosidevegen 190

5914 ISDALSTØ